

Stad kommune
Rådhusveien 11
6770 Nordfjordeid

Dato	17.04.2026
Vår referanse	2022/82750-108
Dykkar referanse	2026/6091
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Fråsegn til endring av plan etter forenkla prosess - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune

Vi viser til brev datert 18.03.26 om høyring av endring av detaljregulering for Stad skipstunnel etter forenkla prosess. I samband med rammesøknaden for skipstunnelen har det kome fram at den vedtekne reguleringsplanen er uklar.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Planfaglege merknader

Det er søkt om mange endringar av detaljreguleringsplanen for Stad skipstunnel og kommunen har framstilt søknaden og vurderingane sine grundig. Det er søkt om endringar av plankartet på fleire vertikalnivå, og endringar av føresegnene til planen. Kommunen er positiv til at dei fleste av endringane kan gjennomførast som endring av detaljreguleringsplanen etter enkel prosess. Samstundes har kommunen vurdert at endringane ikkje kan gjennomførast som ei endring etter forenkla prosess for nokre av endringane:

- plankart for vertikalnivå 4 i Moldefjorden
- endring av føresegnene:
 - 11.2.2.2 Før det kan gis igangsettingsløyve i Kjøde skal følgjande vere oppfylt:*
 - 11.2.3.2 Før det kan gis igangsettingsløyve ved Moldefjorden skal følgjande vere oppfylt:*

Vestland fylkeskommune er einig i at desse endringane ikkje kan gjerast etter forenkla prosess.

Kulturminne og kulturmiljø

Syner til eiga fråsegn i brev datert 25.03.2026

Samferdsel

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkomme langs fylkesveg. Vi har og ansvar for at areal- og transportpolitiske føringar vert tatt høgde for i planlegginga, og at vegstrukturen vert utforma i samsvar med vegnormalkrava, jf. handbok N100.

Omsynet er mellom anna forankra i regional transportplan for Vestland (2022 - 2033) og i Rammeplan for fylkesvegar i Vestland.

Uttale

Fylkesvegane 618 og 620 går gjennom planområdet. Vestland fylkeskommune har vore i omfattande dialog med Kystverket og Stad kommune for å ivareta omsyna til fylkesvegen i planarbeidet både for å sikre fylkesvegane i ferdig utbygd tiltak, men også i samband med anleggsarbeidet som skal gå over fleire år.

Fylkeskommunen ønskjer at mest mogeleg av anleggsverksemda og anleggstrafikken skjer i god avstand frå fylkesvegen, og at talet tilkoplingspunkt og kryssingar av fylkesvegen er avgrensa. Det er uklart for fylkeskommune kva utvidinga av mellombels bygge- og anleggsområde og alternativ/ supplerande trase for dumper-trafikk frå nedre del av anleggsområdet har å seie for fv. 620. Dersom endringa påverka tilhøve knytt til fylkesvegen må dette skje i dialog med vegeigar.

I Moldefjorden er det ønskjeleg at mykje område avsett til AVT i plankartet vert endra til AVG. AVG opnar for fleire tiltak innanfor føremålet. Infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommunen ønskjer ikkje at det vert opna for at slike tiltak kjem så nær fylkesveg 618 som 3 m, planføremåla må difor vidareførast som vedtatt.

Fylkeskommune meiner det ikkje må opnast for å ta ut tekst i føresegnene pkt. 4.2.5 om Annan veggrunn - grøntareal (AVG). Vedteken tekst, ev. med eit tillegg for «avkøyrsløse til offentleg veg» må stå. For å ivareta trafikktryggleiken på fylkesvegane er det viktig at anleggsvegar ikkje kjem for nær, både etablering av anleggsvegar og avkøyrsløse frå offentleg veg må skje i dialog med og etter godkjenning frå vegmynde.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld forholdet til fylkesvegane i området. Dei konkrete innspelane går fram av teksten over. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg kommunal plan
NPI - Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland Statens hus - Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Intern sakshandsamarliste

Gunnhild Sande INV - Vegforvaltning Vestland